

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/16	Formannskapet	PS	12.05.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A10	16/276

### Suppleringsopptak i barnehagane 2016

#### Framlegg til vedtak:

Rådmannen gjer framlegg om at det vert gitt løyve til å bemanne opp med ein 100% mellombels stilling for perioden 01.01.2017 til 31.07.2017, i Austrheim kystbarnehage.

#### Formannskapet - 064/16 - 12.05.2016

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### FS vedtak:

Rådmannen gjer framlegg om at det vert gitt løyve til å bemanne opp med ein 100% mellombels stilling for perioden 01.01.2017 til 31.07.2017, i Austrheim kystbarnehage.

#### Saksopplysninger:

##### Situasjonen for barnehagane våre:

Fram t.o.m 31.12.2016 er det ingen venteliste, og vi har på plass bemanning i samsvar med rammene i budsjettet. Dette gjeld begge barnehagane.

F.o.m. 01.01.2017 må vi ta inn barn med rett til barnehageplass, som står på venteliste.

Kaland barnehage er full. Austrheim kystbarnehage har kapasitet til å ta inn fleire barn – det er ledig 24 plassar. Dei ledige plassane er ikkje bemanna i 2016.

Dersom vi skal ta inn dei barna som står på venteliste, må vi auke bemanninga ved Austrheim kystbarnehage f.o.m. 01.01.2017. Det er snakk om bemanningsauke i perioden 01.01.2017 – 31.07.2017. Frå august 2017 må stillingskabaln tilpassast på nytt – for barnehageåret 2017/2018.

#### Suppleringsopptak:

Det skal vere eit suppleringsopptak i juni 2016. Då skal heimane med barn på venteliste ha svar på

om dei får plassane dei har søkt om. Dette gjeld barn som har rett på plass etter loven.

Det er tre små barn på venteliste (to plassar pr. barn). I tillegg har vi eit barn som er søkt for etter at fristen gjekk ut, men som har rett på barnehageplass ut frå alder.

**Kostnad:**

Nøyaktig rekna har vi behov for ein stilling i perioden 01.01.2017 - 31.07.2017. Kostnad er stipulert til kr. 290 000 (ein mellombelse stillingar i 7 mdr.). Erfaringa viser at vi får 5-6 søknader i perioden mai – desember for barn som har fylt 1 år eller er eldre. Dersom vi kan bemanne opp med to mellombels stillingar i perioden, vil vi ha kapasitet til også desse barna etter januar 2017.

Dagens bemanning er nøye tilpassa det barnetalet som er på plass i barnehagen. Denne saka kjem som følgje av ei auke i barnetalet og auken kjem i gruppa for dei minste barna. Og så har vi altså ein som har rett alder, men som det er søkt for etter fristen. For dei minste barna vert det rekna ein vaksen pr. tre barn.

**Vurdering:**

Perioden det er snakk om å auke bemanninga er 01.01.2017 – 31.07.2017.

Dersom ein vel å bemanne for dei tre som har søkt innan fristen – dvs. ein 100% mellombels stilling, vil ein ikkje kunne tilby plass til det 4. barnet, og til barn som erfaringsmessig vert søkt om i løpet av siste halvår (2016 i dette tilfellet). I vedtektene for barnehagane står det i § 7, 4.ledd: *"Dersom det er ledige plassar, og det er nok personale, kan ein ta inn born utanom hovudopptaket. Dette gjeld berre for born som har lovfesta rett til barnehageplass."*

Vanlegvis er det rom for å ta inn barn utanom hovudopptaket. For barnehageåret 2016/2017 passar det slik med barnetalet at bemanninga i utgangspunktet vert optimal. Då vert det ikkje rom for å ta inn barn som det er søkt om utanom hovudopptaket. Desse må då vente til august 2017 før dei kan begynne i barnehagen. Erfaringsmessig kan det kome til å dreie seg om 5-6 barn.

Ut frå dette vil ein leggje fram to alternativ til politisk vurdering.

**Alt 1:**

Det vert søkt om å auke bemanninga mellombels frå 01.07.2017 til 31.07.2017 med to stillingar. Dette vil gi plass til det 4. barnet pluss tilleggsøknader som måtte kome under vegs. Dette vil gi ein kostnad på kr. 580 000.

**Alt 2:**

Det vert søkt om å auke bemanninga mellombels frå 01.07.2017 til 31.07.2017 med ein stilling. Dette vil kun gi plass til dei tre barna som det er søkt om innan fristen. Det vil gi ein kostnad på kr. 290 000.

Rådmannen vil ut frå eit økonomisk perspektiv gjere framlegg om å auke bemanninga med ein stilling, altså alternativ 2.

**Konklusjon:**

Rådmannen gjer framlegg om at det vert gitt løyve til å bemanne opp med ein 100% mellombels stilling for perioden 01.01.2017 til 31.07.2017, i Austrheim kystbarnehage.

